

Fra: "KvinnheradINP" <kvinnherad.vestland@inpartiet.no>
Sendt: torsdag 30. april 2026 07:59:37
Til: "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Emne: klage – ref. 200701095-109

Til Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Sendast til: nve@nve.no

klage – ref. 200701095-109

Kva eg klagar på:

Klagen gjeld val av trasé for kraftleidninga, særleg gjennom områda Brandvikjo og Storbjørnsli.

Grunngjeving for klagen:

Den valde traseen fører til unødvendige inngrep i eit område med svært høg naturverdi. Brandvikjo og Storbjørnsli er i dag prega av urørt og samanhengande natur, med stor verdi for friluftsliv, landskap og biologisk mangfald.

Eg meiner det ikkje er tilstrekkeleg teke omsyn til alternative løysingar som kunne redusert inngrepa vesentleg. Spesielt burde det vore kravd at ny leidning vart bygd parallelt med eksisterande kraftleidning i området, inkludert linja som i dag går til Vetthus.

Ei slik løysing ville:

- redusert nye naturinngrep og fragmentering av landskapet
 - samla tekniske inngrep i ein eksisterande korridor
 - i langt større grad teke vare på urørt natur
 - vore meir i tråd med prinsippet om samla belastning i naturforvaltninga
-

Manglar ved kunnskapsgrunnlaget og naturvurderingar

Det kjem fram i høyringsinnspela at kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg:

- Det er ikkje gjennomført full naturtypekartlegging etter gjeldande standard (M-2209)
- Fleire mastepunkt er ikkje tilstrekkeleg undersøkte i felt
- Området er kalkrikt og har dokumentert førekomst av fleire sjeldne og raudlista artar, som ikkje er godt nok vurdert
- Det er peika på risiko for påverknad på truga treslag som ask og alm

Dette viser at det er reell usikkerheit knytt til konsekvensane av trasevalet, og at vedtaket dermed ikkje har eit godt nok fagleg grunnlag.

Store konsekvensar for naturmangfald og fugleliv

Området har rikt fugleliv og fleire registrerte artar med særleg vern:

- Traseen går gjennom eller nær viktige viltområde
- Det er registrert rovfugl som kongeørn og havørn i influensområdet
- Det er peika på risiko for kollisjon med kraftlinjer
- Anleggsarbeid og helikoptertrafikk kan forstyrre hekkande fugl

Desse forholda viser at traseen har eit høgt konfliktnivå med naturmangfaldet.

Manglande omsyn til samla belastning og arealbruk

Det er allereie stort press på området med fleire inngrep og kraftlinjer. Både kommune og andre aktørar har peika på behovet for å:

- samla linjer i eksisterande korridorar
- unngå nye inngrep i urørt natur
- ta betre vare på viktige friluftsområde rundt Brandvikvatnet og Vetrhus

Den valde traseen bryt med desse prinsippa, og fører til auka samla belastning i området.

Kva eg ønskjer:

Eg ber om at vedtaket vert omgjort eller sendt tilbake til ny vurdering, der det vert stilt krav om at leidninga vert lagt parallelt med eksisterande linjetrasé, herunder linja som går til Vetrhus.

Eg ber òg om at det vert gjennomført ei grundigare kartlegging av naturverdiar og ei ny vurdering av trasevalet basert på oppdatert kunnskapsgrunnlag.

Avslutning:

Eg meiner at den valde løysinga ikkje i tilstrekkeleg grad tek vare på viktige naturverdiar, og at det finst betre alternativ med vesentleg mindre negative konsekvensar.

Med helsing
Gunnar Helleland

